

## **Ordensreglement ved Leikanger skule 2020/2022**

### **Hovudregel : Alle tek ansvar for å skape ein god og positiv skulekvardag**

#### **Skulevegen:**

- Vi oppfører oss fint på skulevegen, dette gjeld også for dei som tek skulebuss.
- Når skulen er slutt, skal vi fare rett heim eller til SFO. Dersom du skal på ein fritidsaktivitet, kan du vente roleg i gangen. Skulereglane gjeld på skulen sitt område.

#### **Skuleområdet:**

- I skuletida er vi på skulen sitt område dersom ikkje anna er avtalt.
- Vi er ute før skulen tek til, og i friminutta, dersom ikkje anna er sagt.
- Syklar set vi i sykkelstativet.
- Vi fyl reglane for kunstgrasbana og ballbingen.
- Ballspel skal gå føre seg på kunstgrasbana, i ballbingen eller på basketballbana.
- Vi oppheld oss ikkje ved parkeringsplassen.
- Det er kun lov til å kaste snøball på avtalt blink.

#### **Skule:**

- Vi møter utkvilde og i rett tid til timane. Vi har med det vi treng av skulesaker.
- Vi tek godt vare på skulen vår og skulen sitt materiell.
- Vi er aldri borte frå skulen utan løyve eller gyldig grunn. Vi leverer melding i Tieto, event. på e-post..
- Vi tek av oss yttertøy og sko i gangen, og sørger for orden på eigen garderobepllass.
- Vi tek ikkje med oss farlege gjenstandar til skulen.
- Mobiltelefonar som vert tekne med til skulen, skal ligge avslått i sekken, og skal ikkje nyttast i skuletida og på skulen sitt område. Grensa går på parkeringsplassen, ved enden av fotballbana. Mobilar som blir brukt i strid med reglane, vert tekne inn.
- Vi tek ikkje med eigne leiker heimafrå til skulen sitt område utan nærmere avtale.
- Skulen er ikkje ansvarleg for tap eller skade på private ting som er tekne med til skulen. Utstyret vert inndrege dersom det vert brukt i strid med reglane, og kan leverast attende til eleven når skuledagen er slutt. Ved gjentekne brot på reglane blir utstyret levert ut til føresette.
- Vi brukar ikkje snop, tyggegummi og energidrikk med koffein på skulen.
- Alle har sunn matpakke
- Det er forbode å nyte tobakk, snus eller rusmiddel på skuleområdet.

#### **Omgangsformer:**

- Alle på skulen er høflege og vennlege mot kvarandre.
- Elevane skal gjere som personalet på skulen seier.
- I timane rettar vi oss etter klassereglane. Alle kjem inn med det same klokka ringer, og finn roleg plassen sin i klasserommet.
- Vi rettar oss heile tida etter gjeldande smittevernreglar.
- Det er nulltoleranse for mobbing, krenking og trakassering (Oppl.love §9a). Dersom brot på love blir avdekt, skal prosedyrer for handtering av dette nyttast.

#### **Tillegg**

##### **Kunstgrasbana og ballbingen:**

- Ikkje klatre i nettingar og på måla, eller på porten til ballbingen
- Ikkje rulle snøball på kunstgrasbana og i ballbingen

##### **Digitalt verkty:**

- Vi har mobilfri skule

- Alle har eigen avtale om lån/bruk av I-pad og chromebook

#### **Andre reaksjonar og ansvar:**

Vi syner til forskrift om reglement for orden og åtferd ved skulane i Herøy kommune. Det ligg på skulen og kommunen si heimeside, sjå <https://www.heroy.kommune.no/tjenester/barnehage-og-skule/grunnskule/ordensreglar/>

Skulen sitt ordensreglementet vert delt ut til alle elevane på starten av kvart skuleår.

Godkjent i Samarbeidsutvalet februar 2021

Leikanger skule  
Norunn Lindvåk Velsvik  
rektor